

# 2015

# ÅRSMELDING **BREMNES FRYSERI**

BREMNES SEASHORE

**Bremnes Fryseri** er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore, Bremnes Shipping, Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av Salma, samt innovativ nytenking. **Bremnes Fryseri** eig og 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heilfisk og foredla laks.

# Innhald


Lagspelet med naturen ... 3
Lakselusa sin verste fiende ... 4
Våre viktigaste ressursar ... 6
Lokasjonskart ... 8
Selskapstruktur ... 9
I utvikling for å møta framtida ... 10
Styret si årsmelding ... 11
Resultatrekneskap ... 14
Nøkkeltal ... 15
Balanse ... 16
Kontantstraumoppstilling ... 18
Revisor si melding ... 19






# Lagspelet med naturen

**Me ligg plassert** heilt ut mot havet. Ytst på den fantastisk flotte og samstundes krevjande kyststripa i vest. Det er her me har tradisjonar. Det er her me trivest. Og det er her me produserer den beste fisken havet kan by på. Lagspelet med naturen her ute er nøkkelen til våre resultat.

**Fjoråret vart** nok eit bra år for Bremnes Fryseri. Me hadde ein liten produksjonsauke i forhold til 2014, og me ser at me har lagt eit bra grunnlag for året me no er inne i. Dette skuldast mange faktorar. Ein av dei viktigaste er dei tilsette. Me har framifrå kompetente medarbeidarar i alle ledd, noko som er med og gjer oss eit konkurransefortrinn.

**Me har også** følgt opp investeringstakten på utstyr og nyvinningar. Dømer på det er ny båt utstyrt med Thermolicer for skånsam og effektiv avlusingsmetode, samt bygginga av det topp moderne smoltanlegget i Trovåg. Verdt å nemna er også etableringa av nytt mottaksanlegg i Kvednavikjo som bidrar med enda bedre kvalitet på den gode og sunne laksen me produserer.

**Desse investeringane er** ikkje berre med på å stadfesta at me heile tida ynskjer å forbetra oss. Dei synleggjer også at me ynskjer å vera ein leiande aktør i utviklinga av bransjen. Me er del av ei næring som til tider får hard medfart i media. Det er heilt ok å bli spent i leggen om det me ikkje gjer er bra nok, men av og til kjennest det som om at det ikkje er det faglege me sviktar på. Det er informasjonen ut til publikum.

**Heile bransjen** har mykje å gå på når det gjeld å formidle kor målretta me jobbar, kor mykje sunn mat me produserer, og kor mange arbeidsplassar me genererer. Det er mykje uvisse om næringa, og det er me som er lakseprodusentar som må spreie den gode og rette bodskapen. Me er meir samarbeidspartnarar enn konkurrentar, og me er avhengige av å finna løysingar i lag.

**Å sjå den iveren** og viljen det er internt for å skape nye effektive arbeidsmetodar er svært positivt. Det gjer meg både glad og motivert, og det viser mentaliteten hos våre tilsette. Og ikkje minst: Det gjer meg trygg på at me saman kjem til å lukkast også i åra som kjem!



**Olav Svendsen**
Konsernsjef,
Bremnes Fryseri




# «Eva Elisabeth»

## - lakselusa sin verste fiende

**Fakta:** «Eva Elisabeth»

| | |
|---|---|
| **Lengde** | 40m |
| **Bredde** | 12m |
| **Brutto tonnasje** | 296 tonn |
| **Arbeidsdekk** | 265 m2 |
| **Byggeår** | 2006 |
| **Ombygd** | 2015 |
| **Hovudmotor** | 2 x 500hk Volvo |
| **Hjelpemotor** | 3 x 500kw |
| **Nogva Scandia** | |

**3 stk. kranar**
150t/m, 65 t/m, 40 t/m, rekkevidde 20 m

**4 stk. kappstaner** 3 t trekkraft

4 lugarar, overnatting til 6 personar

Til saman 10 personar har «Eva Elisabeth» som sin arbeidsplass. Desse arbeider på to ulike skift.



- Me kan klara å avlusa 1000 – 1500 tonn laks i døgnet med ein behandlingseffekt på 90 – 95 % på lakselusen.

**ERNST OLAV HELGESEN**

Å utvikle oppdrettsnæringa krev mot, kunnskap og investeringsvilje. Difor kjøpte Bremnes Seashore sitt største farty nokosinne og utrusta båten med det aller beste utstyret. Resultatet er eit verkty som kan avlusa opptil 1500 tonn laks i døgeret.

Det er vinter på Bømlo. Året er 2015. Nokre månader tidlegare har Bremnes Seashore kjøpt Noregs fyrste Thermolicer. Eit effektivt verktøy i kampen mot lakselusa. Med Thermoliceren gjev ein laksen eit bad i 30 grader i løpet av eit halvminutt. Resultatet er at lusa fell av laksen og døyr. Men sjølv om verktyet visar seg å vera effektivt er ikkje lekteren Thermoliceren står på fleksibel nok i forhold til flytting frå anlegg til anlegg. Medan kalde vinterstormar herjar utanfor lokala i Kvednavikjo set kloke hovud seg saman og diskuterer korleis ein kan få ei meir effektiv løysing. Og det fort.

- Å bygga ny båt ville ta lengre tid enn om me kjøpte ein brukt båt og bygde den om, fortel prosjektleiar Ernst Olav Helgesen.

**Bruktbåtmarknaden** vart tråla. I Noreg og i nabolanda viste det seg å vera umogleg å finna ein båt som passa til formålet.

-Me måtte heilt til Tyrkia for å finna båt. Kort tid etter kjøpet i april vart skuta sett på land ved eit verft i Istanbul. Alt utanom hovudmotorane vart fjerna. Ny innreiing vart montert og ny generatorpakke tilpassa Thermolicarane vart installert.

**Allereie i september** var den tidlegare dykkarbåten ferdig bygd om. No var det berre å setja kursen mot Noreg og Fitjar Mekaniske Verkstad der den skulle utrustast med dekksutstyr og Thermolicerar frå Steinsvik.

- Den 4. desember var båten operativ. Eg må vedgå at dette har vore ei kjempespennande utfordring der eg synest me har fått til svært mykje på kort tid, slår Helgesen fast.

**Han skryt** av dei involverte partane som har vore delaktige i prosjektet, både internt og eksternt. Og båt og mannskap ser ut til å fungere bra.

- Det er klart at det har vore ei bratt læringskurve for mannskapet om bord. Men dei har verkeleg stått på. Me ser at me kan klara å avlusa 1000 – 1500 tonn laks i døgnet med ein behandlingseffekt på 90 – 95 % på lakselusen. Heilt utan bruk av medikament. Det tykkjer eg er fantastisk.

**«Eva Elisabeth»** er operativ 24/7 og har eit mannskap på fem til ei kvar tid. Men for at operasjonane skal gå så smidig og effektivt som mogleg er også eit samkjørt serviceteam avgjerande.

- Dei er kjempeviktige for å få dette til. Dei klargjer merden før båten kjem, og dei sluttfører arbeidet etterpå. Her handlar det om godt handtverk frå alle involverte, konkluderer Helgesen.

**Lakselusbåten** «Eva Elisabeth» er ikkje berre ei teknisk nyvinning på fjorden, den er også første båten i det nye reiarlaget Bremnes Shipping. Administrerande direktør Einar Eide er svært nøgd med det nye verktyet mot lakselusa.

-Dette er ei nyvinning og ei enorm investering for oss. Me likar å vera leiande og utvikla både oss og næringa. Me er difor både glade og stolte over nyebåten «Eva Elisabeth» og dei muligheitene fartyet vil gje oss framover!

# Våre viktigaste ressursar

BREMNES FRYSERI KONSERNET
pr 31.12.2015:

Settefisk Gjeravåg
Berentzen Elin Solheim
Pedersen Aksel R.
Robberstad Inge

Settefisk Trovåg
Breivik Inger Lise
Haraldseid Håvard
Haraldseid Øyvind Jakob
Haakull Anne Brith Skogen
Larsen Marijann Belt
Ånestad Jorunn

Settefisk Skålevik
Hellen Dag Helge
Hellen Gunn Agnes
Jensen Leif Steinar

Oppdrett Rogaland
Alsvik Stig Arvid
Amland Oliver Munkejord
Berge Aina
Berglund Egil Andreas
Eike Jostein
Fiskå Krister
Grytdal Hanne
Hetlelid Kent Oddvar
Husebø Stian
Høines-Larsen Glenn
Johannessen Klaus Andreas
Karlson Dan Viste
Knudsen Glenn Egil
Kvarven Line
Langvik Jarle
Melberg Bernt
Næss Ane Johanne
Pongsakased Nattasit
Reinhaug Øystein
Romaniszyn Robert
Sigmundstad Torstein
Sitter Tom Bjarne V.
Steine Lars Vegar
Steinsvik Trond
Svabø Eirik
Thorbjørnsen John Henrik
Torkelsen Hans Christoffer Svab
Tungland Roger Bergøy
Wigdahl Henriette
Wågen Camilla
Aas Vegard

Matfisk Sunnhordland Vest
Eriksen Ole Petter
Ersland Idar
Gausvik Benjamin
Helgesen Ernst Olav
Hollund Alexander
Hollund Kristian
Holmen Cato Rene
Hope Bernhard S.
Kanarskas Raimondas
Katla Kristian
Krogsæther Roger Mæland
Larsen Kim Joar
Makarjan Arthur
Mæland Mariann
Mørtsell Stian
Natterøy Thomas
Notland Asgeir
Piscopo Terje Antonio
Riple Lars Andrè B.
Røsvik Henrik Halleråker
Stavland Trond
Steinsbø Lars Erik
Stokkenes Hans Marius
Stokkenes Hans Torleif
Søvold Thomas
Økland Alfred
Økland Nils Ragnar
Økland Sigve
Økland Vidar

Matfisk Sunnhordland Øst
Bruun Jørn-Rune
Bø Kjetil  Lavik
Dale Eirik Horne
Dror Adi
Ervik Bjarte
Ervik Magnar
Farestveit Tore
Grotnes Tor Gunnar
Grutle Øyvind
Hesvik Øyvind
Horne Øyvind Nordeide
Hovland Jan Henrik
Jensen Håkon
Kaldefoss Simen
Kvarven Frode
Litlabø Einar
Omdal Morten
Rumjancevs Viktors
Selsvik Dag-Kjetil
Simonsen Ida Charlene
Strømø Susanne
Søvold Geir Olav
Toen Jarle Jensen
Vik Anders Eidet
Walkosz David
Aasheim Dag Eirik

Pakkeri
Biriukov Roman
Bråthen Sigurd Hus
Butkute Karolina
Dzenceviciene Renata
Dzencevicius Deividas
Fylkesnes Ole Bjarte
Griskoniene Gitana
Griskonis Vaidotas
Jasinaviciene Ieva
Karenga Arvydas
Kazlauskas Kazimieras
Kazlauske Monika
Keawkunya Nipaporn
Kudriasova Vladlena
Lukosiunas Arvydas
Lukosiunas Gintautas
Lukosiunas Mantas
Lungström Julia Maria
Lurins Maris
Macijauskas Rolandas
Magnusson Benjawan
Meling Ronny
Mironova Julija
Mitrulevicius Robertas
Myren Reidar
Navikauskiene Edita
Novikovas Eugenijus
Piliunas Tomas
Prochoroceva Viktorija
Prochorocevas Olegas
Rystad Anne Liv
Saheed Riyas
Sediqi Sharif Mohammed
Sueaklang Kanokthip
Tubelyte Evelina
Ugglesjö Sandra C.
Vaitkevicius Tomas
Vanagas Lukas
Vedeksiene Lina
Wickenkamp Silke Renate
Grajauskas Aivaras
Mikulskis Rolandas
Gricius Paulius
Kublickiene Alfreda
Malinauskas Danas
Stasiunas Dangirutis
Abagian Arnold
Bonarev,Viktor
Cizikas Andrius
Guzys Rokas
Krivickas Andrius
Mitrauskas Haris
Petravicius Remigijus
Satkus Vytautas

Foredling
Abaksina Alona
Abaksins Vladimirs
Abraham Dusan
Ahmadi Hassan
Akbery Golam Heider A
Alagic Anel
Alagic Dobrila

Almedom Tsegezab
Auzbikevicius Kestutis
Bjelland Randi
Brundziene Jurgita
Brundziene Rasina
Daland Per Øyvind
Dingstad Kari- Anne
Geitung Irene J
Ghebreyesus Fetzum Sebhatu
Gjøsæter Bodil Karin
Grønås Martin
Gumbinas Tomas
Habbestad Ragna Iversen
Habbestad Rita H B
Helgaland Kristine V.
Hidle Lina
Hovland Annlaug Regine
Hrehorova Viera
Håvik Sven Kristian
Innvær Kitty- Margrethe
Innvær Sissel Elin Grønås
Johnsen Leif Otto
Johnsen Marit
Kanarskiene Egle
Katla Johne
Khogianai Mohammad Ibrahim
Kondratjuka Dana
Krinicyn Aleksandr
Krinicyna Jolita
Lapeniene Irma
Larsen Bjørg Helen
Larsen Janne
Le Huynh Hoa Thi
Lidal Hanne Grethe
Lidal Ruth
Linkeviciene Diana
Linkevicius Romas
Lukjanska Alina
Meling Odin Sagvåg
Mosavi Ali
Naseri Ali
Naujokaitis Evaldas
Navikauskiene Mintara
Nesse Jenny
Nesse Jorunn
Nguyen Oanh Hong
Novade Sana
Oldereide Inge
Olsen Anette
Pacevicius Vytautas
Pelaityte Dovile
Pleskus Marius
Preidyte Justina
Ramanauskas Ramunas
Rascius Irmantas
Rasciuviene Andzelika
Rezaee Mohammad Nasim
Rukkusol Pattarapan
Salanova Leticia Segura
Salih Bootan Mustafa
Santana Thomas Økland
Selle Wirawan
Simonaviciene Ausra
Sortland Martin
Sæverud Magda
Sørvik Vibece
Søvik Marianne
Tamosaitis Ernestas
Tverborgvik Inga Marie Meling
Uogintaite Anastasija
Uogintas Alikas
Valciukas Arunas
Valciukienè Audronè
Vanagas Svajunas
Vanagiene Sandra
Vedøy Thomas
Vold Kåre Jan
Voras Arunas
Voriene Milda
Wang Lina
Wathne Monica Fylling
Ynnesdal Gro Anita
Ytrøy Solfrid
Zekic Mersija
Ånderå Trond
Duda Pavol
Ondovcin Slavomir
Skrzypczyk Wojciech
Andrejaitiene Gitana
Andriuskaite Rasa
Andriuskaite Sandra
Canis Alvidas
Daukantas Justinas
Ganevic Viktorija
Gecas Karolis
Lapinskis Arunas
Paskeviciene Raminta
Paskevicius Deivydas
Priveda Juras
Rudokaite Ilona
Smalakiene Singirita
Stankevicius Darius
Vedeksyte Dovile
Vilbutas Gintaras
Vileikyte Milda
Ziulpys Remigijus

## Transport

Barqawi Ahmad Sharif M
Boncuks Aleksandrs
Butkus Saulius
Durecek Marcel
Fosse Stian
Jasinavicius Mantas
Lutro Jon Kjetil
Magnusson Hans
Mammadi Ali
Merenkov Vladimir
Nakutis Nerijus
Navikauskas Aistis
Panchenko Germans
Salih Jihad
Sortland Bjarne
Wozniak Dagmara

## Administrasjon

Aga Turid Birgitte
Alvsvåg Silje Kathrine
Bjørnsen Geir Midtbø
Bråthen Anne Meling
Eggøy Vidar
Eide Einar
Geitung Lena
Helvik Vidar
Hoksrud Trine Lise O
Husa Arvid
Innvær Kim
Kippersund Bjørn Roar
Knarvik Bernhard
Knutsen Geir Magne
Kringeland Ragnhild
Kvarven Vivian
Meling Anne Marie
Meling Astrid Sørensen
Meling Kristin Mæland
Nerbøvik Ida-Kathrin Gjerstad
Risnes Renate
Sortland Bodhild Hope
Steinsbø Vidar
Steinsland Synnøve Zahl
Svendsen Olav O.
Sæverud Bjørn Willy
Sæverud Eivind
Sæverud Terje
Viga Nils
Visti Mika
Økland Simon Nesse
Ådnanes Geir Ivar

## Kantine

Hamre Anette
Hjellbakke Anita
Mæland Dagne Rannveig
Nesse Randi Paulsen
Nguyen Hiep Ngoc
Rumjanceva Anna
Sæverud Reidun

## Vedlikehald

Folgerø-Holm Melankton L
Grindheim Joachim Grønås
Gåsland Benedikte
Habbestad Erik
Habbestad Odd Kristian
Hopland Peder
Kloven Stine
Mathiassen Kjell Gunnar
Rolfsnes Olaf
Selle Knut
Stokke Geir Petter
Sørvik Bjørn Ketil
Undheim Stein Arne
Økland Audun

## Salmon Brands

Jølstadengen Stian
Baliqi Alush
Monsen Christine Okkenhaug
Selebø Brit Randi
Fjæra Svein Olav
Manseth Even
Jenssen Kristin
Opedal Heidrun
Løkka Line
Rosland Anja Skretting
Nilsen Sølvi Janne
Østenfor Emil Rognstad
Nøstbakken Kari
Gundersen Trym Eidem
Ribe Kjetil
Sandum Anne Gro
Håland Ingfrid
Lervik-Mørck Bjarne
Kalvenes Ellen M
Henden Marit
Saxebøl Inger
Johan Gref
Stefan Högberg
Peter Gyllenhammer
Karolina Wolnik
Mathieu Savigner-Boutruche
Kristel Masia
Trude Hanssen
Liv Sonja Lyngås Patuano
Romain Gentil
Ilhem Djededoua

Me har eigne settefisk- og matfiskkonsesjonar i Rogaland og Hordaland

**3 Settefisk**

**21 Matfisk-konsesjonar**



MATFISK

SETTEFISK

ADM/SLAKTERI/VIDEREFOREDLING




28 ANLEGG
I NI KOMMUNAR

BØMLO

SVEIO

KVINNHERAD

JONDAL

VINDAFJORD

FINNØY

STRAND

SANDNES

FUSA



# Dette er Bremnes Fryseri

**BREMNES FRYSERI AS**
Morselskap i konsern, eigedom og aksjar

**BREMNES SEASHORE AS** (100 %)
Smolt, matfisk, pakking og foredling

**SALMON BRANDS AS** (100 %)
Marknadsføring og sal av SALMA produkt

**BREMNES SHIPPING AS** (100 %)
Rederi og drift av «Eva Elisabeth»

**KALD FISK AS** (100 %)
FoU selskap

**SØLVFISK AS** (100 %)
Konsesjon smoltproduksjon

**OCEAN QUALITY AS** (40 %)
Sal og distribusjon av heilfisk og foredla laks

**SÆVAREID FISKEANLEGG AS** (16,67 %)
Produksjon av smolt

# Utviklinga i dag påverkar resultatet i morgon

Er det noko administrerande direktør Einar Eide i Bremens Seashore brenn for, så er det utvikling. Kontinuerleg utvikling for å trygge arbeidsplassane og gje fisken best mogleg vekstvilkår. I tillegg har han eit krav. Meir om det seinare.

**- Kva meiner du er dei grunnleggjande tinga som skal til for å lukkast i oppdrettsbransjen?**
- Det er hovudsakleg gode handverkarar og godt verktøy. Har me det kjem me svært langt. I Bremnes Fryseri har me løyst bemanningsproblematikken, og no har me gode folk med mykje kunnskap i alle ledd av produksjonen. Totalt hadde me 329 personar på lønningslista ved utgangen av 2015, noko som er ny rekord i konsernet.

**- Og utstyret vert utvikla i takt med veksten?**
**-** Ja, det vil eg absolutt seia. I fjor investerte me for 190 millionar, og i år skal me investera for 200 millionar. Det er pengar som går til nye anlegg og mykje nytt verkty. I tillegg til dei økonomiske investeringane dreg me også nytte av ståpå-viljen dei tilsette viser. Me har ei sterk gründerånd her sjølv om bedrifta vart etablert for lenge sidan.

**- Kvifor satsar de så mykje pengar ?**
- Det er viktig at dei største aktørane går framføre og bidrar til å utvikle næringa. Samstundes er det viktig at me no nyttar midlar til gjere effektivitetsforbetringar slik at me er best mogleg rusta til å møte utfordringar som kjem i framtida.



– Det er viktig at dei største aktørane går framføre og bidrar til å utvikle næringa.

EINAR EIDE

**- Kva andre faktorar blir viktige for å lukkast i tida som kjem?**
- Aller viktigast er å auke kapasiteten i «førsteleddet». Me får i år auka kapasitet i smoltproduksjon på vårt nye anlegg i Trovåg, som vil ha positiv effekt på heile produksjonen. I tillegg vil det vera viktig å nå målsetnadane knytt til bruk av reinsefisk og snorkelmerd.

**- Er dei statlege rammevilkåra tilpassa ei næring i stadig utvikling?**
- Det er sjølvsagt alltid forbetringspotensiale. Men me har fått klare signal frå regjeringa om at dei ynskjer vekst i oppdrettsnæringa framover. Difor både håpar og trur eg at rammevilkåra vert tilrettelagt for bærekraftig auke av sunn matproduksjon i åra som kjem.

**- Bremens Seashore er tildelt FoU-konsesjonar for inneverande år. Kva betyr det for verksemda??**
- FoU-konsesjonar og utviklingskonsesjonar er positive tiltak som bidrar til å legge til rette for ei raskare utvikling av næringa. Me har fått tre konsesjonar som vert tekne i bruk i år.

**- Avslutningsvis må me få avklara ein ting. Det går rykte om at du har mange ynskjer men berre eit krav til dei tilsette. Kva er det?**
- Det er at dei skal ta vare på seg sjølv. HMS arbeidar me målretta med kvar dag. Me har ingen å mista!

# Styret si årsmelding

**Verksemda sin art og lokalisering**
Bremnes Fryseri AS er eit holdingselskap med kontor i Bømlo kommune. Verksemda til morselskapet omfattar drift av eigedommar og investering i andre føretak.

Konsernets verksemd har hovudkontor i Bømlo kommune med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland og salskontor i Bergen og Oslo. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta laks og lakseprodukt.

**Finansielle forhold**
Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde i 2015 eit resultat før avskrivingar på 14,5 millionar, eit driftsresultat på 4,8 millionar og resultat før skatt på 47,3 millionar, der motteke konsernbidrag utgjer totalt 52,7 millionar kroner. Netto finanspostar var positive med 42,5 millionar.

Verksemda Bremnes Fryseri AS oppnådde netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar på 6,6 millionar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar vart -20,0 millionar og netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar 5,1.

Konsernet har i 2015 hatt ein auke i omsetninga. Gode salsprisar i siste kvartal og auke i volum har bidrege til en auke i omsetning på 22%. Biologiske utfordringane har derimot ført til ein betydeleg auke i produksjonskost i fleire regionar. Konsernet sitt driftsresultat før avskrivingar (EBITDA) enda på 193,5 millionar, driftsresultatet vart 95,0 millionar og resultat før skatt vart 84,9 millionar. Konsernet sine netto finanspostar i 2015 var -10,0 millionar

I 2015 var netto kontantstrøm frå operasjonelle aktivitetar 83,1 millionar, netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -250,4 millionar og kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar utgjer 146,9 millionar for konsernet. Investeringane i 2015 var betydelige og har i stor grad gått til bygging av RAS anlegg som gir stor auke i smoltkapasitet, til landbasert ventemerdanlegg som løftar kvaliteten på laks frå H-82 ytterligare og til  auka kapasitet på sjøsida, samt tiltak som betrar drifta sin påverknad på det ytre miljø.

Styret meiner at års- og konsernrekneskapen gir eit rett bilde av konsernet sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

**Tilsette**
Ved slutten av året er det 329 tilsette i verksemda fordelt på 128 kvinner og 201 menn. Det er ingen tilsette i morselskapet. Konsernsjef er mann, og den operative leiinga i konsernselskapa består av totalt 18 personar, der 13 er menn, og 5 er kvinner. Uavhengig av ynskja om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og avlønningsystem alltid lagt vekt på at det er den enkelte sin kompetanse og innsats som er avgjerande. Styret vil gje ros til dei tilsette for deira store innsats gjennom året.

Det har vore høgt fokus på sjukefråvær og tiltak på området. Det totale sjukefråveret i selskapet var 6,1 % i 2015. H-verdi i 2014 vart 10,4 mot 21,2 året før.

**Diskriminering**
Diskrimineringslova sitt formål er å trygga likestilling, sikra like muligheiter og rettigheiter og å hindra diskriminering. Konsernet arbeidar aktivt, målretta og plan messig for å sikra lovens formål innanfor vår

| Nøkkeltal i millioner NOK | Bremnes Fryseri AS | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Mor | | Konsern | |
| | 2015 | 2014 | 2015 | 2014 |
| Driftsresultat før avskrivinger (EBITDA) | 14,5 | 13,9 | 193,5 | 184,9 |
| Driftsresultat (EBIT) | 4,8 | 3,1 | 95,0 | 96,4 |
| Netto finansposter | 42,5 | 10,1 | -10,0 | -17,7 |
| Resultat før skatt | 47,3 | 13,1 | 84,9 | 78,7 |
| Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter | 6,6 | 22,7 | 83,1 | 74,3 |
| Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter | -19,9 | -13,9 | -250,4 | -148,8 |
| Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter | 5,1 | 92,6 | 146,9 | 59,3 |

verksemd. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere og beskyttelse mot trakassering.

Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeidar aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mulig.

**Helse, miljø og sikkerhet**
HMS er eit arbeid som aldri kan seiast «ferdig». Det er viktig for Bremnes Fryseri konsernet å ha eit levande, kontinuerleg HMS-system. Konsernet har 2 hovedverneombod og 11 verneombod fordelt på avdelingane. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har halde 4 møte i 2015.

Operativ verksemd har høgt fokus på tryggleik. Ein har investert mykje i nytt og sikkert utstyr. I tillegg har konsernet bemanna opp for å sikra trygge arbeidsforhold og god kapasitet til dagleg drift og oppfølging.

**Ytre miljø**
Konsernet overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift utan større fotavtrykk på miljøet.

Lus har og i 2015 vore ei utfordring for selskapet. Som nemnt under finansielle forhold har dette påverka resultat i året. For å møta utfordringane på ein betre måte har verksemda gjennomført ei rekke tiltak med blant anna satsing på førebyggande og ikkje medikamentell behandling mot lus.

Det er kjeldesortering av papir, restavfall og bioavfall. Det er og returordning for plast og eiga ordning for Spesialavfall.

**Selskapets FoU aktivitet**
I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med FoU. Arbeidet har vore konsentrert om utvikling og forbetring av kvalitet i slakte og foredlingsprosessen, utvikling av nye foredla kvalitetsprodukt, samt tiltak mot lakselus. Selskapets FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskingsmiljø.

**Marknadstilhøve/utsikter framover.**
Etterspurnaden etter sunn, trygg og god mat er sterk og saman med godt marknadsarbeid har eksisterande og nye marknader teke unna det som vert produsert. Situasjonen i dag er ein etterspurnad over det ein klarar å produsera. Dette gjer at føresetnaden for ein sterk marknad dei neste åra er god.

Selskapet har dei siste åra investert betydeleg i oppbygging av biomasse og driftsutstyr som sikrar ei målretta effektiv drift av matfiskverksemda. Det er og satsa betydeleg i nytt landbasert opptaksanlegg som skal sikra kapasitet til auka opptak av fisk og trygga ei god vidareutvikling av den gode kvaliteten til pakkemerke H-82. Den største investeringa i konsernet vert gjort på

smoltsida. Dette vil gi betydeleg produksjonskapasitet på stor smolt som vil redusere produksjonstid i sjø og auke framtidig produksjon betydeleg.

Med bakgrunn i dette vert det i samsvar med regnskapslova § 3-3 stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

**Resultat og disponeringar i Bremnes Fryseri AS**
Bremnes Fryseri AS hadde i år 2015 eit års-/konsernresultat på 47,8/74,2 millionar mot eit samanlikna års-/konsernresultat på 14,0/53,0 millionar året før. I 2015 er det utbetalt utbytte på kr 15 000 000,-.

Styret foreslår følgjande disponering av årsresultat for 2015 på kr 47 809 404,-:

Overført til anna eigenkapital:
kr 47 809 404,-



Bremnes,
15. mars 2016



Laila Knarvik



Øyvind Fossøy



Bjørn Willy Sæverud



Torbjørn Gjelsvik



Olav Svendsen

# Resultatrekneskap

| Mor – 01.01 - 31.12 2015 | 2014 | Note* | | Note* | Konsern – 01.01 - 31.12 2015 | 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 16 048 940 | 14 788 680 | 2 | Salsinntekter | 2 | 1 679 882 251 | 1 370 155 455 |
| 0 | 1 160 000 | | Andre driftsinntekter | | 4 309 829 | 9 689 715 |
| **16 048 940** | **15 948 680** | | **Sum inntekter** | | **1 684 192 081** | **1 379 845 170** |
| 0 | 0 | | Behaldningsendring varer | 4 | -52 181 420 | -73 166 001 |
| 0 | 0 | | Varekostnader | | 1 102 492 468 | 886 961 839 |
| 340 383 | 0 | 6 | Lønnskostnader | 6 | 219 896 891 | 183 887 195 |
| 9 728 363 | 10 836 191 | 12 | Ordinære avskrivingar | 12,13 | 97 122 704 | 88 527 600 |
| 0 | 0 | | Nedskr. av varige driftsm. og immat. eiged. | 13 | 1 410 788 | 0 |
| 1 199 932 | 2 023 488 | 6,9 | Andre driftskostnader | 6,9 | 220 497 524 | 197 247 163 |
| 11 268 677 | 12 859 678 | | Sum driftskostnader | | 1 589 238 955 | 1 283 457 796 |
| **4 780 263** | **3 089 002** | | **Driftsresultat** | | **94 953 126** | **96 387 374** |
| 0 | 0 | | Inntekt frå investering i tilknytta selskap | 7 | 13 407 303 | 7 133 356 |
| 52 710 716 | 20 063 876 | 7 | Konsernbidrag frå datterselskap | | 0 | 0 |
| 349 518 | 712 414 | | Renteinntekt frå føretak i same konsern | | 0 | 0 |
| 246 093 | 155 776 | | Andre renteinntekter | | 380 839 | 1 178 161 |
| 0 | 500 000 | | Andre finansinntekter | | 6 799 064 | 738 207 |
| 10 797 164 | 11 450 205 | | Andre rentekostnader | | 28 816 944 | 25 418 507 |
| 0 | 0 | | Andre finanskostnader | | 1 795 137 | 1 332 608 |
| **47 289 426** | **13 070 863** | | **Ordinært resultat før skattekostnad** | | **84 928 250** | **78 685 984** |
| -519 978 | -921 817 | 10 | Skattekostnad på ordinært resultat | 10 | 10 693 604 | 25 733 152 |
| **47 809 404** | **13 992 680** | | **Ordinært resultat** | | **74 234 646** | **52 952 832** |
| | | | **Bruk av årsresultatet** | | | |
| 32 809 404 | 0 | 11 | Avsatt til anna eigenkapital | | 0 | 0 |
| 15 000 000 | 30 000 000 | 11 | Utbytte utbetalt | 11 | 15 000 000 | 30 000 000 |
| 0 | -16 007 320 | 11 | Overført frå anna eigenkapital | | 0 | 0 |
| 0 | 0 | | Majoriteten sin del | 11 | 59 234 646 | 22 952 832 |
| **47 809 404** | **13 992 680** | | **Sum bruk** | | **74 234 646** | **52 952 832** |

***Noter**
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2015.aarsmelding.no**

# Nøkkeltal

i 1 000 NOK

| | **2015** | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | **1 684 192** | 1 379 845 | 1 503 652 | 1 132 531 | 996 729 |
| EBITDA | **193 487** | 184 915 | 361 387 | 128 205 | 83 377 |
| Driftsresultat (EBIT) | **94 953** | 96 387 | 278 275 | 55 274 | 33 636 |
| Resultat før skatt | **84 928** | 78 686 | 263 332 | 44 153 | 11 068 |
| Sum eigendeler | **1 818 688** | 1 528 672 | 1 481 375 | 1 350 406 | 1 122 487 |
| Sum eigenkapital | **720 851** | 661 531 | 642 064 | 460 256 | 346 479 |
| Netto renteberande gjeld | **727 618** | 549 988 | 440 787 | 646 234 | 541 235 |
| Eigenkapitalprosent | 39,6 % | 43,3 % | 43,3 % | 34,1 % | 30,9 % |
| Bokført verdi pr. konsesjon | 6 860 | 6 920 | 6 553 | 6 557 | 5 387 |

## Omsetning

i 1 000 000 NOK




**Eigenkapital**
**39,6 %**

**VEKST**
**22,1 %**

**Overskotsgrad**
**6,5 %**

# Balanse

| Mor – 31.12 - 31.12 2015 | Mor – 31.12 - 31.12 2014 | Note* | | Note* | Konsern – 31.12 - 31.12 2015 | Konsern – 31.12 - 31.12 2014 |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | **EIGEDELAR** | | | |
| | | | ***Anleggsmidler*** | | | |
| | | | *Immaterielle eigedelar* | | | |
| 0 | 0 | | Forsking og utvikling | 13 | 1 041 141 | 1 735 392 |
| 0 | 0 | | Konsesj., patent, lisensar, varemrk. o.l rettigh. | 5,13 | 144 057 047 | 145 317 467 |
| 2 913 163 | 2 393 185 | 10 | Utsatt skattefordel | 10 | 0 | 0 |
| 0 | 0 | | Goodwill | 13 | 113 819 112 | 132 420 631 |
| **2 913 163** | **2 393 185** | | **Sum immaterielle eigedelar** | | **258 917 299** | **279 473 491** |
| | | | *Varige driftsmiddel* | | | |
| 133 679 902 | 122 592 700 | 5,12 | Tomtar, bygg og annan fast eigedom | 5,12 | 222 620 156 | 147 026 444 |
| 7 166 093 | 9 544 462 | 5,12 | Maskinar og anlegg | 5,12 | 506 686 029 | 409 850 083 |
| 0 | 0 | | Transportmiddel | 5,12 | 1 206 421 | 1 381 792 |
| 0 | 0 | | Driftslausøyre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l | 5,12 | 3 532 793 | 3 416 943 |
| **140 845 995** | **132 137 162** | | **Sum varige driftsmiddel** | | **734 045 398** | **561 675 263** |
| | | | *Finansielle anleggsmiddel* | | | |
| 280 690 719 | 279 190 719 | 5,7 | Investeringar i datterselskap | | 0 | 0 |
| 28 538 735 | 14 912 327 | 3,14 | Lån til føretak i same konsern | | 0 | 0 |
| 4 000 000 | 4 000 000 | 7 | Investeringar i tilknytt selskap | 7 | 34 041 344 | 20 634 041 |
| 10 151 200 | 10 151 200 | 8 | Investeringar i aksjar og andelar | 8 | 12 095 952 | 12 095 952 |
| 0 | 0 | | Langsiktige fordringar | 3 | 11 585 695 | 4 075 813 |
| **323 380 654** | **308 254 246** | | **Sum finansielle anleggsmiddel** | | **57 722 992** | **36 805 806** |
| **467 139 812** | **442 784 593** | | **Sum anleggsmiddel** | | **1 050 685 689** | **877 954 560** |
| | | | ***Omløpsmiddel*** | | | |
| | | | *Varer* | | | |
| 0 | 0 | | Råvarer | 4,5 | 25 251 922 | 22 074 895 |
| 0 | 0 | | Fisk i sjø | 4,5 | 543 859 332 | 499 144 155 |
| 0 | 0 | | Ferdig eigentilverka varer | 4,5 | 6 954 563 | 3 088 837 |
| **0** | **0** | | **Sum varer** | | **576 065 816** | **524 307 887** |
| | | | *Fordringar* | | | |
| 10 225 | 0 | | Kundefordringar | 5 | 165 938 216 | 72 504 885 |
| 54 752 190 | 21 664 650 | 14 | Andre fordringar | | 17 353 726 | 24 854 345 |
| **54 762 415** | **21 664 650** | | **Sum fordringar** | | **183 291 942** | **97 359 230** |
| 93 156 787 | 101 406 123 | 5,15 | Bankinnskot, kontantar og liknande | | 8 644 016 | 29 050 520 |
| **147 919 201** | **123 070 773** | | **Sum omløpsmiddel** | | **768 001 775** | **650 717 637** |
| **615 059 013** | **565 855 366** | | **Sum eigedelar** | | **1 818 687 463** | **1 528 672 196** |

***Noter**
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2015.aarsmelding.no**

| Mor – 31.12 - 31.12 | | | | | Konsern – 31.12 - 31.12 | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 2015 | 2014 | Note* | | Note* | 2015 | 2014 |
| | | | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| | | | ***Eigenkapital*** | | | |
| | | | *Innskoten eigenkapital* | | | |
| 6 100 000 | 6 100 000 | 11 | Aksjekapital | 11 | 6 100 000 | 6 100 000 |
| 29 031 512 | 29 031 512 | 11 | Overkursfond | 11 | 26 058 525 | 26 058 525 |
| 14 632 629 | 14 632 629 | 11 | Innskoten annan eigenkapital | 11 | 0 | 0 |
| **49 764 141** | **49 764 141** | | **Sum innskoten eigenkapital** | | **32 158 525** | **32 158 525** |
| | | | *Opptent eigenkapital* | | | |
| 227 096 810 | 194 287 406 | 11 | Annan eigenkapital | 11 | 688 692 519 | 629 372 809 |
| 0 | 0 | 11 | Minoritetsinteresser | 11 | 0 | 0 |
| **227 096 810** | **194 287 406** | | **Sum opptent eigenkapital** | | **688 692 519** | **629 372 809** |
| **276 860 951** | **244 051 547** | | **Sum eigenkapital** | | **720 851 044** | **661 531 334** |
| | | | ***Gjeld*** | | | |
| | | | *Avsetning for forpliktingar* | | | |
| 0 | 0 | 6 | Pensjonsforpliktingar | 6 | 4 129 723 | 3 871 621 |
| 0 | 0 | 10 | Utsett skatt | 10 | 157 203 056 | 155 972 746 |
| **0** | **0** | | **Sum avsetning for forpliktingar** | | **161 332 779** | **159 844 367** |
| | | | *Anna langsiktig gjeld* | | | |
| 299 688 663 | 299 688 663 | 5 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 5,12 | 618 130 445 | 469 688 663 |
| **299 688 663** | **299 688 663** | | **Sum anna langsiktig gjeld** | | **618 130 445** | **469 688 663** |
| | | | *Kortsiktig gjeld* | | | |
| 0 | 0 | 5,15 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 5,15 | 118 131 694 | 104 632 424 |
| 3 696 406 | 1 716 345 | | Leverandørgjeld | | 141 160 276 | 95 150 713 |
| 0 | 0 | 10 | Betalbar skatt | 10 | 9 481 907 | 51 568 |
| 230 | 0 | | Skyldige offentlege avgifter | | 21 516 878 | 12 087 598 |
| 34 812 764 | 20 398 812 | 14 | Anna kortsiktig gjeld | 14 | 28 082 441 | 25 685 530 |
| **38 509 400** | **22 115 157** | | **Sum kortsiktig gjeld** | | **318 373 196** | **237 607 832** |
| **338 198 062** | **321 803 819** | | **Sum gjeld** | | **1 097 836 419** | **867 140 862** |
| **615 059 013** | **565 855 366** | | **Sum eigenkapital og gjeld** | | **1 818 687 463** | **1 528 672 196** |

Bremnes,
15. mars 2016

Laila Knarvik

Øyvind Fossøy

Bjørn Willy Sæverud

Torbjørn Gjelsvik

Olav Svendsen

***Noter**
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2015.aarsmelding.no**

# Kontantstraumoppstilling

| Mor – 01.01 - 31.12 2015 | Mor 2014 | | Konsern – 01.01 - 31.12 2015 | Konsern 2014 |
|---|---|---|---|---|
| | | ***Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar*** | | |
| 47 289 426 | 13 070 863 | Resultat før skattekostnad | 84 928 250 | 78 685 984 |
| 0 | -829 | Betalt skatt i perioden | -51 568 | -62 542 600 |
| 0 | -1 160 000 | Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel | 59 881 | -1 704 584 |
| 9 728 363 | 10 836 191 | Ordinære avskrivingar | 97 122 704 | 88 527 600 |
| 0 | 0 | Nedskriving anleggsmiddel | 1 410 788 | 0 |
| -10 225 | 0 | Endring i varelager og kundefordringar | -145 191 260 | 12 839 503 |
| 1 980 061 | -5 036 199 | Endring leverandørgjeld | 46 009 563 | 5 544 289 |
| 0 | 0 | Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar | 258 102 | -425 942 |
| -66 337 114 | -20 063 876 | Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar | -20 917 185 | -6 549 518 |
| 13 973 473 | 25 025 308 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | 19 430 484 | -40 087 633 |
| **6 623 984** | **22 671 457** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **83 059 759** | **74 287 099** |
| | | ***Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar*** | | |
| 0 | 1 160 000 | Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel | 3 335 226 | 2 470 000 |
| -18 437 196 | -15 595 653 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel | -253 742 542 | -151 740 439 |
| 0 | 0 | Innbetalingar ved sal av aksjar/andelar i andre føretak | 0 | 0 |
| -1 500 000 | 0 | Utbetalingar ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak | 0 | 0 |
| 0 | 500 000 | Mottatt utbytte | 0 | 500 000 |
| **-19 937 196** | **-13 935 653** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-250 407 316** | **-148 770 439** |
| | | ***Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar*** | | |
| 0 | 94 750 000 | Netto endring langsiktig gjeld til kredittinstitusjon | 148 441 782 | -5 094 834 |
| 0 | -129 947 773 | Netto endring kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon | 13 499 270 | 94 350 288 |
| 0 | 0 | Inn-/utbetalingar av eigenkapital | 0 | 0 |
| -15 000 000 | -30 000 000 | Utbetalingar av utbytte | -15 000 000 | -30 000 000 |
| 20 063 876 | 157 833 000 | Mottatt konsernbidrag | 0 | 0 |
| **5 063 876** | **92 635 227** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **146 941 052** | **59 255 454** |
| 0 | 0 | Valutakursendringar, kontantar og kontantekvivalentar | 0 | 0 |
| **-8 249 337** | **101 371 031** | **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **-20 406 505** | **-15 227 886** |
| 101 406 123 | 35 092 | Kontantar og kontantekvivalentar 01.01 | 29 050 521 | 44 278 407 |
| **93 156 787** | **101 406 123** | **Kontantar og kontantekvivalentar 31.12** | **8 644 016** | **29 050 520** |

***Noter**
Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2015.aarsmelding.no**

# Revisor si melding

KPMG

KPMG AS
Sæ 136
N-5417 Stord

Telephone +47 04063
Internet www.kpmg.no
Enterprise 935 174 627 MVA

Til generalforsamlingen i Bremnes Fryseri AS

REVISORS BERETNING

**Uttalelse om årsregnskapet**

Vi har revidert årsregnskapet for Bremnes Fryseri AS, som består av selskapsregnskap, som viser et overskudd på kr 47 809 404, og konsernregnskap, som viser et overskudd på kr 74 234 646. Selskapsregnskapet og konsernregnskapet består av balanse per 31. desember 2015, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

*Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav, og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

KPMG



*Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir et rettvisende bilde av selskapet og konsernet Bremnes Fryseri AS' finansielle stilling per 31. desember 2015 og av deres resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret, som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

**Uttalelse om øvrige forhold**

*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til anvendelse av overskuddet er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Stord, 15. april 2016
KPMG AS

Willy Hauge
*Statsautorisert revisor*



Foto: Magne Langåker og Øyvind Sætre

SYDVEST


**Bremnes Fryseri AS**

Øklandsvegen 90, 5430 Bremnes
Sentralbord: Tlf 53 42 82 00 — Fax 53 42 82 01
E-post: bremnes@seashore.no

**www.seashore.no**
**www.salma.no**


BREMNES SEASHORE